



Selma Eik og Inger Moberg arbeidde intenst før frukten skulle fordelast

**Dette er eit supert tiltak!
Dette var kommentaren som gjekk att både frå leiiinga
og lærarane då helselaget i føremiddag
starta utdeling av frukt i oppvekstsenteret.**

**Både skulen og barnehagen
skal heretter få frukt den siste måndagen i månaden som eit tiltak
for sunnare kosthald**



Dei hentar frukt til 1. klasse som er størst med 23 elevar: Lærar Hilde Bringedal og elevane Karsten Huse Bjørnebole og Saule Zeimaitaityte

Leiar Selma Eik, nestleiar Berit H. Myklebust og helselagsveteran Inger Moberg jobba på spreng med å dela opp frukta og fordela den på dei einsskild klassane. Og det er mildt sagt at den sunne maten vekte stor lukke då den vart omdelt.

Helselaget hadde satsa på epler, appelsiner, grønne og blå druer oig bananar.

- Eg har aldri vore borti noko tilsvarande i skulen og aldri opplevd at eit lag sponsar frukt på denne måten, sa rektor Marie Elisabeth Kaldestad som såg fram også til andre samarbeidstiltak med helselaget.

I denne delen av Kvinnherad har det triuleg ikkje vore frukt-sponsing for skulen før, men derimot i Fjelberg Kraftlags regi og i deira forsyningsområde. Tiltaket er inspirert frå Nasjonalforeningen sentralt, men det er det lokale helselag som har teke initiativet og lagt fram 'prosjektet' for ein svært velvillig og positiv rektor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen